

---

Saksnr: 2020/57856-10  
Saksbehandlar: Hans Inge Gloppen  
Dato: 23.02.2021

---

---

**Til:** Hovudutval for næring

---

**Frå:** Fylkesdirektør - avdeling for innovasjon og næringsutvikling

---

### Kommunale næringsfond 2020 - rapportering frå kommunane

Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) oppretta i samanheng med koronatiltaka i krisepakke - fase 3 for 2020 ein ny tilskotspost på kap. 553, post 61 Mobiliserande og kvalifiserande næringsutvikling, øyremerkt til kommunale næringsfond. Dette var ei eingongsløyving på 600 mill. kroner til kommunar som er hardt råka av høg arbeidsløyse som følge av virusutbrotet.

Løyvinga til Vestland fylkeskommune er 75,3 mill. kroner, og fylkeskommunen fekk i oppgåve å fordela midlane til kommunane. Denne saka viser korleis kommunane har prioritert midlane.

Hovudutval for næring vedtok i PS 46/2020 fylgjande fordeling til kommunane:

Kommune	Syssetting, næringsliv, distrikt (70 %)	Skjøn (30 %)	Samla til Næringsfond
Bergen	kr 7 011 665	kr 5 590 000	kr 12 601 665
Øygarden	kr 1 771 518	kr 1 000 000	kr 2 771 518
Voss	kr 1 527 589	kr 1 000 000	kr 2 527 589
Stord	kr 1 513 694	kr 1 000 000	kr 2 513 694
Sogndal	kr 1 440 513	kr 1 000 000	kr 2 440 513
Kinn	kr 1 389 686	kr 1 000 000	kr 2 389 686
Stryn	kr 1 375 721	kr 1 000 000	kr 2 375 721
Hyllestad	kr 1 283 584	kr 1 000 000	kr 2 283 584
Bømlo	kr 1 235 416	kr 1 000 000	kr 2 235 416
Austevoll	kr 1 153 838	kr 1 000 000	kr 2 153 838
Kvam	kr 1 135 160	kr 1 000 000	kr 2 135 160
Alver	kr 1 591 273	kr 500 000	kr 2 091 273
Ulvik	kr 1 003 865	kr 1 000 000	kr 2 003 865
Sunnfjord	kr 1 448 924	kr 500 000	kr 1 948 924
Bjørnafjorden	kr 1 400 281	kr 500 000	kr 1 900 281
Askøy	kr 1 397 085	kr 500 000	kr 1 897 085
Gloppen	kr 1 351 970	kr 500 000	kr 1 851 970
Ullensvang	kr 1 307 598	kr 500 000	kr 1 807 598
Aurland	kr 1 172 102	kr 500 000	kr 1 672 102
Stad	kr 1 157 680	kr 500 000	kr 1 657 680
Kvinnherad	kr 1 135 428	kr 500 000	kr 1 635 428

Bremanger	kr 1 106 036	kr 500 000	kr 1 606 036
Luster	kr 1 007 161	kr 500 000	kr 1 507 161
Eidfjord	kr 838 271	kr 500 000	kr 1 338 271
Fitjar	kr 1 318 215		kr 1 318 215
Årdal	kr 1 311 739		kr 1 311 739
Osterøy	kr 1 222 123		kr 1 222 123
Vaksdal	kr 1 173 233		kr 1 173 233
Høyanger	kr 1 048 829		kr 1 048 829
Etne	kr 1 023 866		kr 1 023 866
Sveio	kr 1 017 962		kr 1 017 962
Askvoll	kr 1 009 830		kr 1 009 830
Samnanger	kr 964 468		kr 964 468
Austrheim	kr 885 014		kr 885 014
Vik	kr 828 261		kr 828 261
Lærdal	kr 753 511		kr 753 511
Fjaler	kr 730 509		kr 730 509
Solund	kr 530 594		kr 530 594
Fedje	kr 526 430		kr 526 430
Tysnes	kr 483 726		kr 483 726
Gulen	kr 422 816		kr 422 816
Modalen	kr 357 243		kr 357 243
Masfjorden	kr 345 575		kr 345 575
<b>Sum</b>	<b>kr 52 710 000</b>	<b>kr 22 590 000</b>	<b>kr 75 300 000</b>

Midlane vart fordelt til kommunane basert på faglege vurderingar og skjøn. Hovudinnretninga i fordelinga var å målretta midlane mot kommunar som stod i fare å bli hardt ramma av høg arbeidsløyse som følgje av covid-19. Løyvinga skulle setje kommunane i stand til å legge til rette for auka aktivitet, sysselsetting og verdiskaping basert på lokale utfordringar, behov og potensial.

Kommunane fekk frist til å rapportere bruken av midlane til fylkeskommunane 1. februar 2021. Vestland fylkeskommune har no kvalitetssikra rapporteringa frå kommunane før oversending til KMD. Fristen for rapportering frå fylkeskommunen var 1. mars 2021.

Av totalen på 75,3 mill. kroner hadde kommunane fordelt 72,6 mill. kroner innan fristen for rapportering. Midlane er i hovudsak nytta til bedriftsretta støtte og til andre næringsretta tiltak som kommunane meiner er viktige for å motverke negative verknader av koronavirusutbrotet. Kommunane har vektlagt tiltak som har noko å seie for arbeidsplassar, verdiskaping og økonomisk aktivitet. I praksis har målgruppa for tilskota i hovudsak vore bedrifter og næringsaktørar.

Løyvinga til dei kommunale næringsfonda er fordelt på godt over 600 ulike tiltak rundt om i kommunane i Vestland. Prioriterte tiltak fordelt på kommunar fylgjer notatet som vedlegg.

VEDLEGG: Kommunale næringsfond 2020 - oversikt over kommunale tilskot